

REFERAT FRÅ STYREMØTE 25.01.2018

Møtte: Terje Langeland, Sondre Helgesen, Ove Sandven, Karina Valestrand
Forfall: Terje Melstveit, Ivar Fjærestad

Sak 1 – Konstituering

Vedtak:

Styre: Terje – leiar
Sondre – nestleiar
Vilma – kasserer
Ivar - styremedlem
Karina – styremedlem
Ove – styremedlem
Terje M – varamedlem

I tillegg møter administrasjonen dvs dagleg leiar og sportssjef på styremøta

Sak 2 – Fordeling av roller

Vedtak

Sondre Helgesen tek rolla som politiattestansvarleg. Lager egen mappe i dropbox
Dagleg leiar skriver referat. Sendes styremedlemmer for godkjenning og legges deretter ut på heimeside og i dropbox
Dropbox: Dagleg leiar sjekker med Trygve og sørger for at alle har tilgang

Sak 3 - Økonomi

Det er litt uvisse om Vekstra har satt av pengar til feriepengar i 2018. Det vart betalt ein faktura frå Vekstra til Øystese idrettsfritidsordning like før nyttår. Denne skulle sannsynlegvis vorten betalt av ØIL då den var frå januar. Øystese Fotballklubb hadde litt omsetning i 2017 pga driften av FFO frå august samt ein del innskot/tilskot til Øystese Fotball

Vedtak

Terje L sjekker med ØIL/Vekstra ang feriepengar
Vilma sjekker med ØIL/Giedre/Arne ang fakturaen som muligens er feilbetalt
Vilma søker momsrefusjon for den omsetninga som var i 2017

Alle kontrakter vert endra til at ein utbetaler etterskotsvis 01 i kvar månad

Vilma er ansvarleg for alle utbetalinger frå alle kontoer inkl lønn

Sak 4 Arbeidskontrakter

Lønn for Gary heile året, lønn for Ole Andre heile året, lønn for Hassan fram til juni og lønn for Pedro (liten sum) ligg inne i budsjettet
Arbeidskontrakter vert oppdatert i forhold til vedtak i punkt 3

Vedtak

2 års arbeidskontrakt for Gary, 1 års arbeidskontrakt for Ole og 6 måneders arbeidskontrakt for Hassan vart signert av styreleiar

Sak 5 – Transport

Skal A laget halde på sine spelarar i Bergen må ein ha system på transport og ein har derfor fått eit tilbod frå Møller Bil på 3 årig leasingavtale på ein bil som skal sørge for transport til kamper og trening. I avtalen ligg og ein sponsoravtale med Møller
Kostnaden er budsjettert og ein prøver å kjøre privatbiler til kamper i staden for buss.

Vedtak

Øystese Fotball leaser ein bil av Møller Bil. Kostnaden går på A laget og kmsatsen settes til maks 15 000 km for å halde kostnaden nede
Dagleg leiar sjekker kva det eventuelt vil koste å bryte avtalen etter eit år

Sak 6 – Overgang yngre spelarar

Prinsippdiskusjon om unge spelarar som Øystese har eit tilbod til bør skifte klubb

Vedtak

Sportssjef og trenar for laget tek eit møte med aktuell spelar for å høyre kva som gjer at han ynskjer byttet og om det eventuelt er noko ein kan gjera i eigen klubb for å tilfredsstille spelars ynskjer (hospitering med eldre lag, ekstratreningar etc)

Sak 7 – Terminlistemøte måndag 29 januar i Norheimsund. Mix 8 med ynskjer om å spele helger istadenfor kvardager. Ynskjet tas vidare til terminlisteansvarleg

Vedtak

Karina Valestrand stiller for Øystese på dette møtet.

Sak 8 – NFF besøk tysdag 30 januar kl 11.00. Dette er eit VIKTIG møte med tanke på å få lov å spele på eigen heimebane i 2018. Banen må og fiksast opp før besøket

Vedtak

Styreleiar sjekker med aktuelle styremedlemmer om dei kan stille på møtet. Dagleg leiar sjekker med kommunen om dei kan stille ein representant
Dugnad for å fikse banen på søndag 28 januar kl 17.00 til 18.00. Alle i styret stiller

Sak 9 – Øystese Cup og krav frå NFF

Dagleg leiar tek mesteparten av oppgavene her men kunne tenkt seg litt hjelp

Vedtak

Sak på neste styremøte om ein kan sette ned ein komite som kan ta nokon av oppgavene knytta til Øystese Cup og NFF sine 3 divisjonskrav

Sak 10 – Styremøter framover

Vedtak

Styremøter: Torsdag 22 feb kl 20.00, torsdag 22 mars kl 20.00, torsdag 19 april, torsdag 24 mai , torsdag 14 juni